



FJELL KOMMUNE

Eigarskapsmelding 2016

Vedteken i kommunestyremøte 25.02.16, sak 19/16

F

**FRAMTID
I FJELL**



INNHALD

	side
Føreord	2
Del I	
Eigarskap og selskapsstyring	
Innleiing	3
Målet for eigarskapsmeldinga	3
21 oppdaterte råd frå KS Eierforum	4
Selskapsformer i kommunal sektor	4
Eigarstrategi	5
Motiv for selskapsetablering	5
Gruppering av motiv som er tilrådd å nyttast i Fjell	6
Vurdering av selskapsform	7
Retningsliner for eigarskap, leiing og kontroll av selskap	8
21 oppdaterte råd frå KS Eigarforum med innarbeidde rutinar for Fjell kommune	frå side 8
Del II	
Selskapsoversyn	
Oversyn over selskap kommunen har eigarinteresser i	14
Tabelloversyn over selskap, eigardel og formål	16
Prosedyrar for selskapsstyring i Fjell kommune	20
Kjørereglar	21
Prosedyre for rådmannen si samhandling med selskapa	22

Oppbygginga av eigarskapsmeldinga.

Meldinga har to delar.

Del I har ei innleiing om bakgrunn og mandat for utarbeiding av eigarskapsmeldinga. Vidare presenterer meldinga aktuelle selskapsformer for kommunen, felles prinsipp og strategiar for ei god eigarstyring i dei ulike selskapsformene, samt reglar og prosedyrar for politisk og administrativ utøving av eigarstyringa.

Del II omtalar selskap som Fjell kommune eig eller er medeigar i.

I tillegg er det teke inn prosedyrar for samhandling mellom kommunen som eigar og kommunen sine valde representantar i styrande organ, og det er teke inn eit oppsett over rådmannen si rolle.

Føreord

Bakgrunn for den første eigarskapsmeldinga.

Kommunestyret vedtok i KS-sak 24/09 Kontrollutvalet sin plan for selskapskontroll 2008 - 2012.

Revisjonsselskapet Deloitte fekk i oppdrag å utføre selskapskontroll på eigarskapsforvaltninga i Fjell kommune og har utarbeidd ein rapport. Kontrollutvalet si saksutgreiing og rapporten frå Deloitte vart lagt fram for kommunestyret til handsaming 25.03.2010.

Vedtak i Kommunestyret - 25.03.2010:

Kommunestyret sluttar seg til Kontrollutvalet sitt vedtak på alle punkt og ber om at Komite for finans og forvaltning KFF følgjer opp dette arbeidet.

Vedtak i KFF 20.04.2010:

KFF nemner opp eit utval på 5 personar, som skal utarbeida retningslinjer for Fjell kommune sin eigarskapsforvaltning

Rådmannen stiller med sekretær til utvalet

Utvalet skal leggja til grunn kontrollutvalet sitt framlegg til konkrete tiltak

Utvalet står fritt til å ta med andre viktige tiltak

Medlemer i utvalet:

Gerd O. Lie (FrP) - leiar

Inge Ree (KrF)

Kirsten Syljeset (H) I oktober 2010 kom Grethe Bjørøy (H) inn for henne.

Ranveig Frøiland (Ap)

Tore Turøy (V)

Frå Deloitte låg det føre framlegg om følgjande tiltak:

Fjell kommune bør:

- Utarbeida eigarskapsmelding, herunder fastsetja tydelege eigarmål og forventningar til selskapa gjennom eigarstrategiar. Kommunen må sikra at eigarskapsmeldinga får

tilstrekkeleg administrativ og politisk forankring.

- Etablere eit obligatorisk opplæringsprogram for eigarrepresentantane.
- Bidra til at det blir utarbeidd retningslinjer knytt til utøving av styreverv.
- Sikra at dei etiske retningslinjene til kommunen vert gjort kjent for eigarrepresentantane.
- I større grad formalisera rutinar for oppfølging av eigarskap.
- Gjennomføra periodiske evalueringar av eigarstyringa.”

Utvalet har i arbeidet sitt studert eigarskapsmeldingar frå ei rekke kommunar og Staten si eigarskapsmelding 2009. Spesielt har ein sett på meldingane frå Bergen kommune, Sandnes/Stavangerregionen og Stord kommune. I tillegg har utvalet nytta mal for eigarskapsmelding frå KS Eierforum. Utvalet har også delteke på ein konferanse i regi av KS Eierforum.

Framlegg til rullering av eigarskapsmelding vart drøfta i formannskapsmøtet på strategi- og budsjettseminaret hausten 2014. Innspela frå dette møte er tekne omsyn til i framlegget som no ligg til behandling.

Etter vel 4 års erfaring med noverande eigarskapsmelding, fleire selskapskontrollar og politiske innspel undervegs har det kome opp fleire viktige innspel som også er innarbeidd i framlegget. I tillegg er faktaopplysningar justert.

Kommunestyret gjorde slik vedtak 25.02.16:

1. *Eigarskapsmeldinga 2016 vert teken til orientering med følgjande presiseringar:
- Selskapa skal ein gang pr. år orientere om drifta samt presentere årsmelding og rekneskap for kommunestyret/formannskapet*
2. *Det skal arrangerast styreseminar for styremedlemmer, varamedlemer og dagleg leiing innan utgangen av august 2016 inkludert i denne opplæringa skal også kommunens eigarstrategi gjennomgåast.*
3. *Valnemnda skal følgje opp punkt 10 i eigarskapsmeldinga og formannskapet vil særskilt peike på følgjande:*
 - a. *Det skal gjerast ei vurdering av den einkilde kandidat i forhold til moglege rollekonfliktar og forvaltingslova sine regler for habilitet.*
 - b. *Der kor det er naturleg kan dagleg leiar setja opp ei oversikt over ønska kvalifikasjonar for styrerepresentantar.*
 - c. *Ved behov skal det gjennomførast intervju av aktuelle kandidatar.*
 - d. *Innstillingar til eksterne selskap skal grunngjevast.*

Del I

Eigarskap og selskapsstyring

Innleiing

Fjell kommune skal utøva ei aktiv eigarstyring ved å setja eigarskap på den politiske dagsorden, ta aktivt del i selskapa sine eigarorgan og leggja til rette for eigardialog gjennom eigarmøte og kontaktmøte.

Fjell kommune skal vera ein tydeleg og langsiktig eigar for selskapa og verksemdene

ved å gje uttrykk for motivasjon for eigarskapet, gje klare mål, forventningar, strategi, og formulera prinsipp og retningsliner for kommunen sitt eigarskap.

I 2011 vart den første eigarskapsmeldinga vedteken i kommunestyret. Etter det har det vore årlege drøftingsmøte med eigarskap som tema. Denne reviderte meldinga byggjer på røynselene som er gjort i denne perioden.

Eigarskapsmeldinga har som mål å skapa eit fundament for eit aktivt, langsiktig og tydeleg eigarskap.

Eigarskapsmeldinga skal gjennom jamlege oppdateringar mellom anna:

- Gje eit oppdatert oversyn over selskap og verksemder kommunen har eigarinteresser i.
- Formulera kommunen sin eigarskapspolitikk som omhandlar mellom anna:
 - Roller og retningsliner for politisk og administrativ eigarstyring
 - Kommunen sine overordna prinsipp for eigarstyring
 - Retningsliner for eigarstyring og leiing av selskapa
 - Forventningar til selskapa si verksemd
- Gjera greie for selskapsformer som kan nyttast ved selskapsorganisering i kommunal sektor, og rammene for eigarstyring knytt til ulike selskapsformer.
- I vedlegg til eigarskapsmeldinga eller i dokument til det årlege eigarmøte, vert det lagt fram selskapsomtale og vurdering av utvalde selskap. Utvalet vil gjelda heileigde selskap, interkommunale selskap (IKS) og andre selskap eller verksemder som kommunen ønskjer å vurdere særskild. Valet av selskap skjer etter ein årleg vedteken plan.

Eigarskapsmeldinga skal fremja innsyn knytt til kommunen sitt eigarskap og utøvinga av eigarskap. Meldinga gjev og retningsliner for systematisk rapportering, vurdering og drøfting av eigarskapsrelaterte saker i politiske organ.

Målet med eigarskapsmeldinga

Det er viktige verdiar, interesser og samfunnsfunksjonar som vert forvalta i kommunale selskap og føretak. Målet med eigarskapsmeldinga er å drøfta kommunen sine ulike motiv for å oppretta eller å delta som eigar i selskap. Det må og formulerast nokre prinsipp og retningsliner for kommunen si eigarstyring, rammer for utøving av eigarskap i ulike selskapsformer, samt reglar og prosedyrar for politisk og administrativ oppfølging av selskapa.

Kommunen har også eit kontroll- og tilsynsansvar ovanfor eigarinteressene i selskapa. I 2004 vart det teke inn reglar om selskapskontroll i kommunelova. Reglane gjev kontrollutvalet ei sjølvstendig rolle i høve eigarane og selskapsleiinga.

Eit vilkår for aktiv eigarstyring er at det frå eigar si side er formulert forventningar, mål og strategiar for selskapa. Eigar sine forventningar og strategiar vert eit utgangspunkt for selskapskontrollen og for handsaming av selskapet si drift og resultat.

Det vert tilrådd ei ordning med årleg handsaming av ei eigarskapsrelatert sak i kommunestyret knytt til eigarskapsmeldinga. Ei slik ordning vil utvikla kommunen som eigar og klårgjera rolledelinga mellom eigar og selskap.

Selskapa sine strategiske mål vert i stor grad utforma av selskapsstyra. Difor er det viktig at kommunestyret i Fjell ovanfor selskap med sterke kommunale eigarinteresser, aktivt definerer og revurderer motiv, mål og forventningar. Styret si oppgåve vert å vidareutvikla strategien og å arbeida for å realisera selskapa sine mål.

KS Bedrift - 21 råd om eigarskap og selskapsleiing

KS etablerte eit kompetanseforum (*KS Eierforum*) i ein periode då mange kommunar utarbeidde nye eigarskapsmeldingar. Tiltaket er i dag avvikla som eiga ordning og er integrert i det ordinære arbeidet i KS. KS Bedrift har i 2015 oppdatert Eierforumet sine nitten råd om eigarskap, selskapsleiing og kontroll og lagt til 2 nye.

Råda omhandlar følgjande tema

1. Obligatorisk opplæring av og informasjon til folkevalde
2. Vurdering og val av selskapsform
3. Fysisk skilje mellom monopol og konkurranseverksemd
4. Utarbeiding av eigarskapsmeldingar
5. Utarbeiding og revidering av styringsdokument
6. Gjennomføring av Eigarmøte
7. Samansetjing av eigarorgan og deira funksjon
8. Gjennomføring av generalforsamlingar og representantskapsmøte
9. Samansetjing av styret
10. Valkomité og styreutnemning
11. Kjønnnsrepresentasjon i styrene
12. Rutinar for å sikra riktig kompetanse i selskapsstyra
13. Styresamansetjing i konsernmodell (pr. dato ikkje aktuell i Fjell)
14. Oppnemning av vararepresentantar
15. Habilitetsvurderingar
16. Godtgjering til styremedlemer
17. Registrering av styreverv
18. Arbeidsgjevarorganisering
19. Etikk og samfunnsansvar
20. Rådmannen si rolle i høve kommunale føretak eller selskap
21. Utøving av tilsyn og kontroll

Fjell kommune si eigarskapsmelding er systematisert og oppdatert etter KS Bedrift sine råd, og dei er langt på veg lagt til grunn for prinsipp, retningslinjer og rutinar som inngår i meldinga. Ei rekke kommunar har vald å gjera det på tilsvarande måte.

Selskapsformer i kommunal sektor

Aktuelle selskapsformer

Kommunane har ulike motiv for å oppretta selskap eller gå inn i eit etablert selskap. Det er stor fridom til å organisera tenestene slik ein finn det føremålstenleg, enten som del av kommunen sin organisasjon der kommunen er "juridisk person" eller gjennom etablering av sjølvstendige rettssubjekt.

I hovudsak er det fire organisasjonsformer som er aktuelle for kommunane ved utskiljing av verksemd:

- Aksjeselskap etter lov om aksjeselskap AS
- Interkommunale selskap IKS
- Føretak etter kommunelova. KS
- Stifting

I tillegg til dette er det to organiseringsformer som særleg vert nytta av lag og organisasjonar. Det er:

- Samvirke SA
- Foreining

Desse ordningane er litt enklare i form og krav til profesjonell leing og drift. Men det vert stilt krav om medlemsdemokrati og orden i økonomi og pengebruk. Også desse ordningane skal vera registrert i Brønnøysund, ha eit eige organisasjonsnummer og skal ha ein som står ansvarleg som leiar. Kommunen kan gå inn som medlem. Det er særleg aktuelt der kommunen ønskjer å samarbeida med lag og organisasjonar om eit tiltak.

Eigarstrategi og selskapsform

Det er kommunen (eigar) sitt ansvar å velja ei selskapsform som er tilpassa verksemda sitt mål, eigar sitt styringsbehov, marknadstilhøve og konkurranseregelverk.

Dersom eit selskap er i ein konkurransesituasjon og målet er økonomisk avkastning, så talar dette for val av AS-forma. Dersom ein ønskjer at verksemda skal styrast under vanleg politisk - og demokratisk kontroll, bør verksemda haldast innan vanleg kommunal organisasjonsstruktur – til dømes som kommunalt føretak - KF, eller ein kan nytta §27 - organisering etter kommunelova - dersom det gjeld samarbeid mellom fleire kommunar. For verksemder som både har eit finansielt og samfunnsmessig fokus, og samstundes er i ein konkurransesituasjon, må ein vurderer om KF (kommunalt føretak) er best eigna.

Ein god eigarstrategi for Fjell kommune vil medverka til å klårgjera kva kommunen ønskjer med selskapa. Ei grundig vurdering og evaluering av måla gjer det lettare å vurderer selskapa sine økonomiske og samfunnsmessige resultat, det gir betre informasjon om kostnader og vinst med kommunen sitt eigarskap, og det medverkar positivt til å gjera kommunale organ betre skikka til å utøva eigarskap i selskap.

To tema bør vurderast spesielt i samband med eventuelt oppretting av selskap, ved vurdering av selskapsform og ved årleg vurdering av målet for selskapet.

- Det eine temaet gjeld spørsmål om eigarstyring - folkevald styring i høve til ulike selskapsformer. Særleg må det setjast fokus på selskap som forvaltar "politikkområde" innan til dømes utbygging og utvikling av Fjell kommune.
- Det andre temaet gjeld spørsmål knytt til innsyn. Det er viktig å vurderer reglane for innsyn i drifta og styringa av ulike selskap knytt til selskapsform. Det må vurderast om innsynsretten er tilstrekkeleg for kommunen som eigar og for allment innsyn i offentleg verksemd. Dette er betra gjennom gjeldande lovar ved at "Offentlegheitslova" også skal gjelda for aksjeselskap som er meir enn 50% eigd av kommunar.

Motiv for selskapsetablering - formålssklassifisering.

I kommunale eigarskapsmeldingar vert gjerne eigarskapen gruppert etter kommunen sitt motiv og mål med det einkilde selskap. Motiv og mål med selskapet får følgje for korleis eigarstyringa bør innrettast. Målet er ikkje statisk, men kan endra seg over tid. Ei av dei mest refererte kategoriseringane etter føremål er gjort i Bergen kommune si eigarmelding:

"Byrådet mener den beste måten å gruppere eierskapet på baserer seg på en formålsbestemt inndeling, I denne meldingen deles eierskapet opp i to grupper. Gruppeinndelingens hovedkriterium er knyttet til hva som er kommunens primære formål med å være eier i virksomhetene. Det gjøres her oppmerksom på at eierskapets formål ikke er statisk, men kan endre seg over tid.

Dersom kommunens hovedmålsetning med eierskapet er å oppnå økonomisk avkastning, defineres eierskapet som *finansielt*. Selskaper med **finansielt formål** kan likevel ha virksomhet på områder av stor politisk betydning, men da ivaretas behovet for politisk styring gjennom ulike former for myndighetsutøvelse, bl.a. gjennom konsesjoner, og ikke gjennom eierskapet som sådan.

Dersom selskapet betraktes som et gjennomføringsorgan for samfunnsmessige oppgaver, defineres eierskapet som **politisk**. Et klart eksempel på dette kan være arbeidsmarkedstiltaks-bedriftene. Etter lovverket betaler ikke disse bedriftene skatt, og det er ikke adgang til å ta utbytte fra disse selskapene eller på annen måte tildele eier økonomiske verdier. Selskapenes formål er utelukkende å realisere politiske målsetninger om yrkesdeltagelse for grupper som ikke på ordinære vilkår kan ta del i arbeidslivet”.

Bergen kommune har i tidlegare meldingar også definert selskap etter samfunnsmessige føremål, men har gått bort frå dette.

Kommunar i Stavangerregionen, mellom anna Stavanger - og Sandnes kommune, har nytta desse fem motiva etter kva som er hovudoppgåva for selskapet:

Finansielt motivert

Selskap kor motiv og hovudgrunngevinga for eigarskapen er muligheter for økonomisk utbytte av innskoten kapital og avgrensing av kommunen sin økonomiske risiko. Formålet er naturleg for selskap som er forretningsmessig orientert og kor bedriftsøkonomiske kriterium for lønsemd ligg til grunn for selskapet sitt arbeid.

Politisk motivert

Selskapet der motivet for etableringa er grunngeve med eit ønskje om å posisjonera kommunen/regionen. Verken økonomi, omsynet til tenesteyting eller liknande ligg som grunngeving for denne kategori eigarskap.

Effektivisering av tenesteproduksjonen

Selskap som i hovudsak er motivert og grunngeve med forventning om meir effektiv tenesteproduksjon og betre forvaltning av anleggsmidlar enn ved å yta tenesta sjølv.

Samfunnsøkonomisk motivert

Selskap som er motivert og grunngeve i at kommunen gjennom slike selskap vil oppnå totalt sett meir samfunnsøkonomisk gunstige resultat/gjennomføring av oppgåver. Offentleg engasjement og styring i oppgåveløysinga vil stå sentralt i grunngevinga for slike selskap.

Regionalpolitisk posisjonering

Selskap som er motivert og grunngeve utifrå at det styrker kommunen og regionen sine vilkår og posisjon til å gjennomføra oppgåver i høve andre regionar og nasjonalt. Her kan og posisjonering for å utløysa statlege midlar /prioriteringar vera ein del av grunngevinga.

Når Fjell kommune i framtida vurderer selskapsetablering eller deltaking i selskap, bør målet relaterast til eit eller fleire av desse motiva . Som regel vil det vera fleire motiv som ligg bak oppretting eller deltaking i eit selskap. Det ”kommunale” motivet for å oppretta eit selskap kan i nokre høve vera noko uklart. Dei ulike partia som utgjør fleirtal for vedtaket har kvar sine motiv. Det ”kommunale” motivet må difor utformast slik at alle partia i fleirtalet kan akseptera det.

Vurdering og val av selskapsform - konsekvens for eigarstyringa

Kommunen står i prinsippet fritt til val av selskapsform, så framt det ikkje følgjer avgrensingar i lover og forskrifter for oppgåveområdet.


Når vedtak om val av selskapsform er gjort, må eigarskapen utøvast gjennom selskapet sitt eigarorgan og i samsvar med eigardokumenta. Kommunestyret si eigarstyring følgjer av den valde selskapsforma.

For **kommunale føretak (KF)** er kommunestyret føretaket sitt øvste organ.

For **interkommunale selskap (IKS)** vert eigarskapen utøvd i representantskapet.

I **aksjeselskap (AS)** er generalforsamlinga føretaket sitt øvste organ.

Stiftingar er sjølveigande. Det betyr at kommunestyret – kommunen, ikkje kan utøva eigarskapsmynde direkte. Dei kommunale interessene må utøvast gjennom vedtektene og gjennom dei styremedlemene som er valde av kommunen.



Figuren synleggjer det som er sagt over.

Samvirke og Foreining

Når det gjeld organisasjonsformene Samvirke SA og Foreining er også dei «sjølveigde». Det er årsmøtet som har øvste mynde. Kommunestyret kan difor ikkje utøva direkte styring utover det som eventuelt står i vedtektene. «Styringa» må først og fremst skje gjennom dei representantane kommunen peikar ut i styrande organ. Avvikling av samvirket eller foreininga er styrt av vedtektene og årsmøtet.

Selskapskontroll - kapittel 12 i kommunelova

Kommunelova fekk i 2004 eit nytt kapittel 12 om internt tilsyn, kontroll og revisjon. Selskapskontroll vart etablert som eit nytt omgrep innan kommunelova. Dei nye lovreglane går kort ut på at kontrollutvalet skal føra tilsyn og kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskapa. I interkommunale selskap og i aksjeselskap der kommunen åleine eller saman med andre kommunar / fylkeskommunar eig alle aksjane, og i heileigde dotterselskap av slike selskap, har kontrollutvalet og revisor rett til å krevja relevante opplysningar både frå selskapet sin dagleg leiar, styret og ekstern revisor.

Kommunestyret kan fastsetja reglar for denne kontrollen. Kontrollutvalet skal minst ein

gong i valperioden utarbeida ein plan for gjennomføringa av selskapskontrollen. Med utgangspunktet i planen for selskapskontroll skal kontrollutvalet rapportera til kommunestyret om kva kontrollar som er gjennomført og om resultatane av desse.

Ein årleg gjennomgang av eigarskapsmeldinga i kommunestyret, i same møte som kontrollutvalet legg fram sin rapport, vil gjeva eit godt og samla informasjonsgrunnlag for kommunestyret, og medverka til ei meir effektiv forvaltning og kontroll med selskapa. Med "årleg" gjennomgang eller evaluering av til dømes eigarskapsmeldinga, er tanken at i dei årlege møta i kommunestyret om kontrollutvalet sin rapport, kan også "eigarskapstema" ha ein plass, men då meir som eit rom for å ta opp eventuelle aktuelle problemstillingar.

Det skal leggjast opp til ein hovudgjennomgang ein gong i valperioden. I denne hovudgjennomgangen er det naturleg at også formål og vedtekter vert vurdert.

Offentlegheitslova

Offentlegheitslova har med verknad frå 1. januar 2008 fått eit utvida verkeområde. Verksemdar med over 50 prosent offentlig eigardel vert omfatta av lova sine vilkår. Unnateke er selskap som driv verksemd i konkurranse med andre.

Retningslinjer for eigarskap, leiging og kontroll av selskap

Med utgangspunkt i KS Bedrift sine 21 råd om eigarskap, vert det i dette kapitlet gjennomgått prinsipp, reglar og rutinar som i hovudsak skal leggjast til grunn for Fjell kommune sin eigarskapspolitikk.

Nr. 1 Obligatorisk opplæring av og informasjon til folkevalde

Fjell kommune vil gi opplæring av folkevalde knytt til eigarstyring. Dette vil skje som del av den generelle opplæringa av folkevalde, og kan i tillegg knytast som tema til kommunestyret si årlege handsaming av eigarskapsmeldinga og kontrollutvalet si melding om selskapskontroll.

Det vert og lagt til grunn at alle styremedlemer som er valde på vegne av Fjell kommune som eigar, skal ha ei obligatorisk opplæring som omhandlar styrearbeid generelt og eigar sitt mål og strategi knytt til selskapet spesielt. Dette vert arrangert av Fjell kommune. Innhaldet i dette kan dels vera knytt til KS sitt program for opplæring av medlemer i bedriftsstyre, men det må og ha med lokale tema som omhandlar Fjell kommune sin policy, etikkdokument og utdjupeing av kommunen sitt mål for dei ulike selskapa.

Styremedlemer som ikkje er folkevalde bør også delta i slik opplæring.

Kvart styre må vurdere sin samla kompetanse og gjennomføra nødvendig kompetanseutvikling. Styret bør også gjeva råd til kommunestyret dersom spesiell kompetanse bør rekrutterast ved neste val.

Det vert i tillegg forventat at kvart styre gjennomfører styreseminar for alle sine styremedlemer i kvar valperiode.

Nr. 2 Vurderingar og val av selskapsform

Det er kommunestyret sitt ansvar å sikra ei selskapsform som er tilpassa verksemda sitt føremål, behov for eigarstyring, marknadstilhøva og konkurranseregelverket.

Eit aktivt eigarskap er grunnleggjande for best mogeleg lokalpolitisk forvaltning av kommunen sine samla verdiar og har direkte konsekvens for selskapa, deira disposisjonar og marknadsposisjon. Samstundes vil eit aktivt eigarskap frå kommunen si side gje viktige signal til omverden og styrkja kommunen sitt omdømme.

Skal selskapet ta risiko og operera i ein marknad, bør eit selskap med avgrensa ansvar vera mest aktuelt. Skal selskapet yta tenester til eigarane i eigenregi, kan både interkommunale selskap og føretak vera tenlege former. Stiftingar er ikkje tilrådd for verksemd som krev eigarstyring.

Før det vert teke endeleg stilling til oppretting av selskap og val av selskapsform, skal følgjande tilhøve vera vurdert i høve oppgåver, føremål og funksjonar for selskapet.

- Behovet for direkte og reell politisk styring
- Økonomisk ansvar og plikter som kommunen tek på seg i høve til selskapet.
- Risikovurdering; gjeld m.a. økonomi, marknad, miljø, samfunnstryggleik og tilhøvet til sluttbrukar/innbyggjar
- Selskapet sin økonomiske fridom og avgrensing m.o.t. delegasjon av mynde
- Forvaltningslova/ offentligeheitslova
- Skatte- og avgiftsmessige tilhøve
- Offentlege innkjøpsreglar
- Arbeidsgjevarpolitikk
- Tilknytning til arbeidsgjevarorganisasjon

Nr. 3 Fysisk skilje mellom monopol og konkurranseverksemd

Fjell kommune som eigar skal gjera ei særleg vurdering av om selskap driv konkurranseverksemd i tillegg til monopolverksemd. Kommunen vil i slike høve i størst mogeleg grad leggja til grunn at selskap og verksemdar som dette er aktuelt for, skil dei konkurranseutsette aktivitetane fysisk og organisatorisk frå monopolverksemda for å unngå mistanke om rolleblanding og kryssubsidiering

Nr. 4 Utarbeiding av eigarskapsmeldingar

Fjell kommune skal ha ein politisk gjennomgang av verksemdar som er organisert som sjølvstendige rettssubjekt eller interkommunale organ, ved utarbeiding av ei eigarskapsmelding.

Målet er å utvikla kommunen som ein betre eigar for dermed å sikra at kommunen og samfunnet sine interesser i selskapa vert forvalta i tråd med vedtekne mål, forventningar og føresetnader. Eigarskapsmeldinga rullerast kvart 4. år, men evaluerast årleg av kommunestyret. Så langt råd er skal dette skje i tredje kvartal, og baserast på dokument og vedtak frå siste generalforsamling/ representantskapsmøte. (sjå også s. 11)

I samband med den årlege handsaminga av meldinga vert det lagt til rette for ei generell drøfting av prinsipp, reglar og rutinar som skal leggjast til grunn for Fjell kommune sin eigarskapspolitikk, saman med ei evaluering av mål, resultat og drift knytt til selskap som er særleg viktige for kommunen.

Eventuelle endringar i strategi og/eller tiltak i høve einskildselskap skal så langt råd er drøftast i dette møtet.

Nr. 5 Utarbeiding og revidering av styringsdokument

Fjell kommune skal ha eit langsiktig og ansvarleg perspektiv på sitt eigarskap i ulike selskap. Eigarstrategien skal tydeleggjera målet med selskapa, og skal gå fram av

selskapsavtalen/ vedtektene. Innan rammene av selskapsavtalen/vedtektene skal selskapa utvikla detaljerte mål og strategiar for si verksemd.

Når dette er aktuelt, skal kommunen ha eit bevisst forhold til forventa avkastning. For selskap som opererer innanfor ein marknad, skal prinsippa for eventuell utbyttepolitikk vera klargjort.

Formålet med selskapa vert vurdert med jamne mellomrom for å sjå om det er behov for endringar.

Nr. 6 Gjennomføring av eigarmøte - ikkje lovfesta eigarorgan

For å bidra til god eigarstyring og kommunikasjon med selskapa kan ein gjennomføra såkalla eigarmøte i tillegg til dei lovpålagte møta som generalforsamling eller representantskapsmøte, ref punkt 8.

Eit eigarmøtet har ikkje noko formelt mynde, men er ei uformell arena der representantar frå kommunen (som eigar), styret og dagleg leiar for selskapet kan møtast.

I desse møta skal det ikkje skal fattast vedtak eller leggjast føringar som kan oppfattast som inngripen i styret si mynde. Møtet kan ha som funksjon å innhenta styringssignal frå eigar før større saker skal handsamast og førast fram til vedtak

Eigarmøta er uforpliktande både for eigar og for selskapet og kan også nyttast som informasjonsmøte mellom selskapet og heile kommunestyret eller KDF/formannskapet.

Til vanleg er det styret som kallar inn. I interkommunale selskap er det normalt representantskapet som står for innkallinga

Nr. 7 Samansetjing av eigarorgan og deira funksjon

Fjell kommune vil i hovudsak bygge på etablert praksis, dvs at

- I generalforsamling vil til vanleg ordføraren, eller den som ho/han gjev fullmakt, representera kommunen
- Kommunale føretak rapporterer til utpeikt komité eller til formannskapet
- Einskilde selskap vert i periodar følgd opp tettare, avhengig av situasjon, eigarinteresse og føremål
- Ordføraren har eit særleg ansvar for at det vert lagt til rette for gode samhandlingsrutinar mellom kommunen og selskapa, og at det skjer nødvendige avklaringar i eigarrelaterte saker mellom selskapet og kommunen i tida mellom formelle eigarmøte
- Rekneskap, årsmelding, strategidokument og liknande skal som hovudregel verta lagt fram for politisk handsaming i forkant av eigarmøte. Tidspunkt for eigarmøte skal varslast tidleg på året, og dokumenta bør liggja føre min. 30 dagar før møte i generalforsamling/representantskap
- Det politiske organet som har desse sakene til handsaming (kommunestyret, formannskapet eller komité), gjev styringssignal til kommunen sin representant i eigarmøte.
- Kommunen si valnemnd gjer framlegg om kandidatar til styreverv.

Nr. 8 Gjennomføring av generalforsamling og representantskapsmøte

Styret skal leggjja til rette for at flest mogleg av eigarorganet sine medlemmer kan delta i generalforsamlinga/representantskapen, og slik at dette vert ein aktiv møtestad for aksjeeigarane og styret.

KS Bedrift formulerer det slik:

Styreleder og daglig leder har plikt til å delta på generalforsamlingen i aksjeselskap. Andre styremedlemmer har rett, men ikke plikt. Revisor har rett til å være tilstede og noen ganger plikt når de saker som skal behandles gjør dette nødvendig.

For interkommunale selskap har styrets leder og daglig leder plikt til å være tilstede på representantskapsmøtet. Dette gjelder ikke for revisor, men det anbefales å følge aksjelovens regler på dette punkt. Gjennom IKS-loven er representantskapet tillagt flere oppgaver enn generalforsamlingen i et aksjeselskap. Representantskapet skal fastsette budsjett, økonomiplan og regnskap. Vedtak om salg eller pantsetting av fast eiendom eller andre større investeringer er også tillagt representantskapet.

Disse bestemmelsene gir i utgangspunktet representantskapet større innflytelse over forvaltningen av selskapet enn generalforsamlingen i et aksjeselskap.

Nr. 9 Samansetjing av styret

Det bør vera tre grunnleggjande krav til styremedlemer. Dei må være kompetente. Dei må ha tid til styrejobben. Dei må opptre uavhengig.

Eit styre er eit team av engasjerte og kompetente personar som støttar, utfordrar og motiverer dagleg leiar. Styret sin samla kompetanse skal gjenspeila selskapet sine behov inkludert spesifikke mål og bør ha både generalist- og fagspesifikk kompetanse.

Det er viktig at selskapet samarbeidar med eigar og generalforsamling om kva slags kompetanse og kapasitet styret har behov for. Eit godt utgangspunkt for slik vurderingen er selskapet sitt føremål og dei langsiktige strategiane som er lagt for selskapet. Det er også viktig å finna styremedlemer som er «uavhengige», og som tør å vera krevjande i form av å stilla kritiske spørsmål til leiinga.

Eit profesjonelt samansett styre har kompetansen som er nødvendig for å følgje opp eigar sine forventningar. Dersom nødvendig kompetanse ikkje er til stades i utgangspunktet, vil likevel ansvaret og forventningane til selskapet stå ved lag, og det vert om naudsynt gitt tilbod om opplæring. Eit "profesjonelt" styre er ikkje noko motsats til eit "politisk" styre. Eit politisk styre er sett saman av personar valde av dei ulike partia etter styrketilhøvet i kommunestyret. Det er likevel eit krav til eigar å sikra relevant kompetanse for den verksemda dei er sette til å styra.

Styret skal som kollegium ha erfaring og kompetanse innanfor følgjande område;

- Kunnskap om selskapet si verksemd. Det gjeld mellom anna mål, organisering, historie, forretningsområde, lovgjeving/forskrifter, strategi, avtalar mm.
- Bransjekunnskap. Det gjeld mellom anna kunnskap om trendar og utviklingstrekk innafor bransjen og kunnskap om konkurrerande verksemder.
- Spesialkompetanse og erfaring innan område som juss, økonomi/finans/regnskap, risikostyring, marknadsføring, HMS, tekniske fag mm.
- Leiingserfaring og kompetanse knytt til organisasjonsmessige endringsprosessar.
- Kompetanse og erfaring knytt til offentlig forvaltning.
- Kompetanse og erfaring knytt til styrearbeid.

Nr. 10 Valkomit  for utnemning av styre

Valkomiteen i Fjell kommune (kalla valnemnd) skal som hovudregel innstilla p  Fjell kommune sine representantar i selskapsstyra. Det skal arbeidast for lik kj nnsrepresentasjon i styra. Valkomiteen si tilr ding b r grunngjevast. S rleg skal sp rsm l knytt til mogelege rollekonfliktar og forvaltningslova sine reglar for habilitet vurderast.

For selskap med fleire eigarar/eigarkommunar, b r det opprettast ein eigen valkomit  som speglar eigardelen i selskapet. Leiaren i valkomiteen i kommunen representerer til vanleg Fjell kommune i valkomiteen for interkommunale selskap og andre selskap som kommunen har eigarinteresser i.

Ordninga med valkomite er ikkje lovregulert, og den b r difor vedtektsfestast, alternativ skrivast inn i selskapsavtala.

B de i KS Bedrift og kontrollutvalet sine tilr dingar vert det peika p  nytten av   ha eigne retningslinjer som regulerer valkomiteen sitt arbeid og ut ving av styreverv. Fjell kommune vil utarbeid slike retningslinjer.

Valkomiteen b r ha dialog med styret i selskapa f r forslag p  representantar vert fremja.

Generelt om styret si funksjonstid.

Styret si funksjonstid g r til vanleg fram av vedtektene i kvart selskap. Generelt b r det vera slik at styret fungerer fram til  rsm tet eller generalforsamlinga fordi det er styret som er ansvarleg for   leggja fram  rsmelding og rekneskap til godkjenning. Det kan difor svekka styret sitt ansvar om heile eller delar av styret er skifta ut nokre m nader f r  rsm tet.

Kommunestyret kan likevel peika ut styremedlemmer i den vanlege valprosessen etter konstituering av nytt kommunestyre, men m  setja funksjonstida til styremedlemmer fr  kommande  rsm te i selskapet.

Valkomiteen og kommunestyret b r ved val vurdere konsekvensane av "habilitetsreglane" som tilseier at det ikkje er uproblematisk   utpeika sentrale folkevalde i kommunestyret til styreverv i kommunale selskap. Det er uheldig om desse kommunestyrepreressantane er ugilde i viktige saker for kommunen. Dette m  vurderast opp i mot verdien av   ha god kontakt mellom styret og folkevalde organ i kommunen.

Nr. 11 Kj nnsrepresentasjon i styra

Fjell kommune vil uavhengig av selskapsform arbeida for lik kj nnsrepresentasjon i styra. Styremedlemmer treng ikkje bu i kommunen.

I h ve IKS-loven   10 er det krav om tiln rma 40 % kj nnsrepresentasjon i styra. Reglane i aksjelova   20-6 om representasjon av begge kj nn i styret gjeld tilsvarande for aksjeselskap der kommunar og fylkeskommunar til saman eig minst to tredjedelar av aksjane i selskapet. Dette f l av kommuneloven   80a.

Nr. 12 Rutinar for   sikra riktig kompetanse i selskapsstyra

For   sikra utvikling av naudsynt kompetanse i styret, jamf r pkt 9, s  skal f lgjande rutinar etablerast som del av styret sine rammer.

Styret skal:

- fastsetja instruks for styret og dagleg leiar med særleg vekt på ansvars- og oppgåvedeling
- utføra ei årleg eigenevaluering når det gjeld kompetanse og arbeid
- få høve til opplæring, m.a. om ansvar, oppgave- og rolledeling.
- gjennomføra styreseminar med fokus på roller, ansvar og oppgaver
- fastsetja ein årleg plan for arbeidet sitt med vekt på mål, strategi og gjennomføring

Nr. 13 Styresamansetjing i konsernmodell

Pr. dato er dette ikkje aktuelt i Fjell.

Nr. 14 Oppnemning av vararepresentantar

Fjell kommune vil som hovudregel gå inn for ei ordning med numerisk valde vararepresentantar til styret for å sikra kontinuitet og kompetanse. 1. vararepresentant bør kallast inn til alle styremøte.

Nr. 15 Habilitetsvurderingar og politisk representasjon i styra

For å unngå situasjonar der styret sine medlemmer ofte vert vurdert i høve forvaltningslova sine reglar om habilitet, skal som hovudregel leiande politikarar ikkje sitja i selskapsstyra. Spørsmålet skal vurderast utifrå selskapet sitt mål, og valnemnda skal i si innstilling særleg vurdera moglege rollekonfliktar og habilitetstilhøve etter forvaltningslova. Styret skal etablera faste rutinar for å handtera moglege habilitetskonfliktar.

Nr. 16 Godtgjersle til styremedlemer

Godtgjersle i selskap som kommunen eig eller har vesentlege eigarinteresser i, skal mellom anna reflektera styret sitt ansvar, kompetanse, tidsbruk og verksemda sin kompleksitet. Generelt skal styreleiar godtgjerast høgare enn styremedlemene. Storleiken på godtgjersla bør og vurderast i høve til det som er nivået i tilsvarande verv i offentleg og privat verksemd.

Selskap med avgrensa ansvar bør vurdera å teikna styreforsikring for alle styremedlemene for det økonomiske ansvaret.

Styremedlemer skal ikkje ta på seg særskilde oppgaver for det aktuelle selskapet i tillegg til styrevervet.

Nr 17 Registrering av styreverv

Alle som tek på seg styreverv for kommunale selskap, skal registrera dette vervet på www.styrevervregister.no

Nr. 18 Arbeidsgjevarorganisering

Selskap som er eigne rettssubjekt er ikkje lenger formelt knytt til det kommunale

tariffområdet. Som hovudregel bør selskapet vera tilslutta eit tariffområde og vera medlem i ein arbeidstakarorganisasjon. Dette gjev ordna tilhøve i rolla som arbeidsgjevar. Fjell kommune ønskjer som hovudregel at selskapa er tilslutta KS Bedrift. Det betyr at selskapet og kommunen er i same arbeidsgjevarfelleskap.

Nr. 19 Etikk og samfunnsansvar

Fjell kommune vil arbeida for at etiske prinsipp og samfunnsansvarleg forretningsdrift vert forankra i måla for verksemda og lagt til grunn for arbeidet i selskap som kommunen eig eller er deleigar i. Styret er ansvarleg for at selskapet har utarbeidd retningslinjer for etisk og samfunnsansvarleg forretningsdrift. Det er og naturleg at dei vedtekne retningslinjene i kommunen vert avspegla i selskapet sine retningslinjer.

Nr. 20 Rådmannen si rolle i høve kommunale føretak eller selskap

Som ein hovudregel skal rådmannen ikkje sitja i styre for selskap kommunen har eigarinteresser i.

Rådmannen og rådmannen sin stedfortreder skal ikkje sitja i føretaksstyra.

Rådmannen si samhandlingsrolle ovanfor føretak skal vurderast særskilt ved etablering av føretak.

Det kan vera tenleg at rådmannen har ein avklara rolle på dette saksområdet i og med at rådmannen er leiar for kommunestyret sin administrasjon. Det er difor rådmannen som må greia ut og tilretteleggja saker som skal handsamast i kommunestyret, også for det som gjeld eigarskapsforvaltning.

Det er ikkje noko lov- og regelverk som regulerer dette spesielt. Eigar må difor gje rådmannen nødvendig legitimitet i høve til det einskilde selskap, slik at han kan utøva denne rolla.

Nr. 21 Utøving av tilsyn og kontroll

Kommunestyret har både eit tilsyns- og kontrollansvar for å sikra at kommunen når sine mål, at regelverket vert etterlevd og at etiske omsyn vert ivaretekne. Kontrollen vert utført gjennom rekneskapsrevisjon, forvaltningskontroll og selskapskontroll.

Kontrollutvalet skal i ein konkret plan for gjennomføring av årleg selskapskontroll gjera greie for innhaldet i selskapskontrollen, korleis rapporteringa skal skje, prioriteringar og tidsrom for gjennomføring av planen. Kontrollen bør og omfatta korleis eigarstyringa vert utøvt. Kontrollplanen skal leggjast fram for kommunestyret.

Kontrollutvalet skal rapportera til kommunestyret på bakgrunn av utført forvaltnings- og selskapskontroll. Kontrollrapportar bør handsamast i kommunestyret samla i samband med kommunestyret si årlege handsaming av eigarskapsmeldinga. Dette skjer i 3. kvartal

Del II

Oppdatert oversyn over selskap sortert etter selskapsform

Kommunale Føretak

Ingen

Interkommunale selskap IKS

Sotra Brannvern IKS

Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS

Aksjeselskap

Biblioteksentralen A/L

BKK AS

Fjell VAR A/S

Sambandet Sotra og Øygarden A/S

Straume Idrettspark A/S

Sambygg A/S

Gode Sirklar A/S

Trigger A/S

Stiftingar

Fjell Bustadstifting

Roald Tellnes Kunstsamling/Galeri Haganes

Stiftinga Fjell Festning

Stiftinga Kystsogevøkene

Pensjonskasse

Fjell Kommunale Pensjonskasse

KLP

Andre selskap Fjell kommune har interesse i

Gjerdet kulturminnegard SA samvirke (oppretta hausten 2014)

Basecamp forening

Fjell Sokn v. Fellesrådet

Oversyn over selskap sortert etter kommunestyret sitt mål eller motiv for etableringa eller eigarskap i ulike selskap:

Finansielt motivert

Selskap kor motiv og hovudgrunngevinga for eigarskapen er muligheiter for økonomisk utbytte av innskoten kapital. Det er også avgrensing av kommunen sin økonomiske risiko. Formålet er naturleg for selskap som er forretningsmessig orientert og der bedriftsøkonomiske kriterium for lønsemd ligg til grunn for selskapet sitt arbeid.

Selskap:

BKK AS

Fjell Kommunale Pensjonskasse

KLP

Politisk motivert

Selskapet der motivet for etableringa er grunngeve med eit ønskje om å posisjonera kommunen/regionen. Verken økonomi, omsynet til tenesteyting eller liknande ligg som grunngeving for denne kategori eigarskap.

Selskap:

Straume Idrettspark A/S

Sambandet Vest A/S

Effektivisering av tenesteproduksjonen

Selskap som i hovudsak er motivert og grunngeve med forventning om meir effektiv tenesteproduksjon og betre forvaltning av anleggsmidlar enn ved å yta tenesta sjølv.

Selskap:

Fjell VAR A/S

Fjell Bustadstifting

Trigger A/S

Samfunnsøkonomisk motivert

Selskap som er motivert og grunngeve i at kommunen gjennom slike selskap vil oppnå totalt sett meir samfunnsøkonomisk gunstige resultat/gjennomføring av oppgåver. Offentleg engasjement og styring i oppgåveløysinga vil stå sentralt i grunngevinga for slike selskap.

Selskap:

Sotra Brannvern IKS

Sambygg A/S

Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS

Biblioteksentralen A/L

Regionalpolitisk posisjonering

Selskap som er motivert og grunngeve utifrå at det styrker kommunen og regionen sine vilkår og posisjon til å gjennomføra oppgåver i høve andre regionar og nasjonalt. Her kan og posisjonering for å utløysa statlege midlar /prioriteringar vera ein del av grunngevinga.

Selskap:

Gode Sirklar A/S

Roald Tellnes Kunstsamling/Galeri Haganes

Stiftinga Fjell Festning

Stiftinga Kystsogevkene

Basecamp - foreining

Gjerdet kulturminnegard SA - samvirke (opprett hausten 2014)

Den 20.08. 2009 utarbeidde servicetorgsjefen følgjande oversyn:
Revidert juni. 2014

Tabelloversyn over selskap med oppstilling av eigar sine mål for selskapa og målet for verksemda.

I oversynet er det vist til eit av fleire vedtak eller dokument knytt til eigartilhøve. Mellom anna kan dette vera vedtak knytt til representasjon i styre og generalforsamling.

*) Alle opplysningar er kvalitetssikra så langt det har vore mogeleg med siste gjennomgang juni 2014.

Selskapsnamn	Selskaps form	Eigarføremål/eigarstrategi	Selskapsføremål	Eigardel
Fjell Var www.fjell.kommune.no www.fjellvar.as	AS	Fjell kommune skilte den 01.01.03 ut alle tenester knytt til vatn, avløp og renovasjon. Utbygging og drift i tråd med kommunale planar innan VAR-området. Fjell kommune krev inn gebyr for tenestene på vegne av Fjell Var AS. Vedtak: KS 06.06.02 – KS.sak 037/02	Forvaltning, planlegging, utbygging og drift av vatn- og avløpsanlegg i Fjell kommune, samt anna verksemd knytt til desse områda. Vidare har selskapet ansvar for innsamling og gjenvinning av avfall.	100%
Fjell Bustadstifting www.fjell.kommune.no	Stifting	Skaffa bustader og servicebygg for utleige eller overdraging, utan økonomiske føremål. Servicebygg dekkjer mellom anna barnehagar, studentbustader, omsorgs- og servicebustader, servicesenter for eldre, prestebustader, o.a. Dokument: J.nr. 06/1591, arkiv nr. 150.	Forvaltar og eig husvære og barnehagar i heile Fjell kommune. Tildelar bustad, med unntak av omsorgsbustader. Tildeling av bustad er basert på fagleg vurdering av den enkelte søkjar sitt sosiale behov eller plass i servicebygg.	100%
Gode Sirklar (Regionalt kompetanse og utvikl.senter) www.fjell.kommune.no www.godesirklar.no	AS	Interkommunalt selskap for Fjell, Sund og Øygarden. Skal tilføra regionen forskingsbasert kunnskap og kompetanse på internasjonalt nivå til næringsutvikling, nyskaping og utvikling av eksisterande verksemder. Kommunane eig og legg rammene. Vedtekter og aksjeeigaravtale var revidert i KS-sak 42/15 KS-sak 6/09.	SINTEF har ansvar for utvikling og drift av selskapet gjennom ei partnarskapsavtale og ressursar frå kommunane. Gode Sirklar skal vere med på å utvikla Region Vest til eit attraktivt område med nasjonal og internasjonal næringsverksemd innan marin og maritim verksemd, energi, olje og gass samt reiseliv. Utdannings- og forskingsinstitusjonar skal bli betre tilgjengeleg for næringsliv og samfunn regionalt.	60%
Fjell kommunale pensjonskasse www.fjell.kommune.no	Pensjons-kasse	Fjell kommunale pensjonskasse vart oppretta 1.1.2006. Kassen omfattar tilsette i kommunen og Sotra brannvern IKS. Pensjonsordninga er ei ytingsbasert kommunal ordning i samsvar med den kommunale tariffavtalen. Ordninga omfattar alle tilsette med unntak av lærarar med avtale i SPK, og sjukepleiarar som har eigen avtale i KLP.		100%

		Vedtak: KS 21.09.2006, KS-sak 88/06		
KLP	Pensjons kasse	Pensjonsordninga er ei ytingsbasert kommunal ordning i samsvar med den kommunale tariffavtalen og eigen avtale for sjukepleiarar.		Eigardel i samsvar med regelverket.
Sotra Brannvern www.fjell.kommune.no www.sotrabrannvern.no	IKS	Fjell og Sund kommunar samarbeider om førebygging og slokking av brann. Vedtak: KS 26.03.2009, KS-sak 17/09	Det primære føremålet er å ta i vare eigarane sine behov, plikter og oppgåver slik dei er nedfelt i lov og forskrift vedk. brann og redningsberedskap, brannførebyggjande arbeid, samt feiing og tilsyn. Sekundært kan SB yta desse og liknande tenester mot vederlag til andre kommunar og verksemdar.	78,37% (Fordeling etter folketal)
Basecamp www.fjell.kommune.no	Foreining	Basecamp er eit samarbeidsprosjekt mellom Fjell kommune, Fjell Sokneråd og Sartor Storsenter. Partane har eit felles ynskje om å gi eit tilbod til ungdom som ikkje driv med organisert aktivitet som fotball, musikk eller liknande. Vedtak: KS 24.04.2008, KS-sak 42/08	Basecamp har ein visjon om å "realisera ungdom sin draum om det gode liv". Hovudmålsetjinga er å "gi ungdom livshjelp og styrkja deira livsmeistringskompetanse".	1/3. Fjell kommune 1/3 Sartor Storsenter 1/3 Fjell sokneråd
Roald Tellnes Kunstsamling/ Galleri Haganes www.fjell.kommune.no	Stifting	Stiftinga har som føremål å forvalta og visa fram ei samling med grafiske trykk av kunstnaren Roald J. Tellnes. Han har stilt ei stor samling bilete til rådvelde for Fjell kommune gjennom stiftinga. Vedtak: KD 17.10.2006, KD-sak 75/06 <i>Stiftinga er under avvikling</i>	Kunsten er utstilt i eit eige bygg på Haganes i Fjell kommune, Galleri Haganes. For bedrifter er det også høve til å leige Roald Tellnes sine bilete.	100%
Stiftinga Fjell festning	Stifting	Stiftinga si oppgåve er å vedlikehalda, opprusta og utvikla festningsanlegget til eit spanande og etterspurd krigsminne. Saman med kommunen og andre aktørar skal også bruken av det omkringliggjande friluftsområdet planleggjast. Vedtak: KFF 04.12.2007, KFF-sak 125/07		Stifting
Biblioteksentralen	AL		Biblioteksentralen AL er en kunnskapsbedrift som har spesialisert seg på å tilby produkter og tjenester til norske bibliotek.	4 aksjar. Selskapet er eigd av 419 komm.

				14 fylkeskomm. KS 2% Bibliotek - forening a 0,3%
BKK (Bergen kommunale kraftselskap) www.bkk.no	AS	BKK er eid av Statkraft og 17 kommunar på Vestlandet - Bergen, Askøy, Lindås, Fjell, Sund, Kvam, Meland, Radøy, Voss, Øygarden, Austrheim, Vaksdal, Gulen, Høyanger, Fedje, Masfjorden og Granvin. Vedtak: FS 17.08.09, FS-sak 14/09.	«BKK skal skape verdier for eierne og samfunnet. Vi har våre røtter og vår virksomhet på Vestlandet. Hovudaktivitetene er produksjon, omsetning og transport av elektrisk kraft.»	2794 aksjar = 1,89%
Trigger AS	AS	Trigger er et aksjeselskap eigd av kommunane Askøy, Fjell, Sund og Øygarden. Vedtak: 18.06.09, KS-sak 47/09.	Trigger, er ei arbeidsmarknadsverksemd som tilbyr tiltak i form av varig tilrettelagt arbeid (VTA), arbeid med bistand (AB) og arbeidspraksis i skjerma verksemd (APS).	3,63%
Straume idrettspark	AS	Straume idrettspark AS er eigd av Fjell kommune og Idrettslaget Øygard Idrettslaget har fått nytt namn: Sotra sportsklubb. Rammeavtale med tillegg av aksjonæravtale og styrevedtekter regulerer tilhøvet mellom Fjell kommune og Idrettslaget Øygard i høve drifta av Straume idrettspark. Vedtak KS 29.01.04	Utvikla og forvalta idrettsanlegg i Straume idrettspark.	34%
Sambygg	AS	Sambygg AS er et eiedomsselskap eigd av Fjell kommune (80%) og KS Coast Center Base (20%). Selskapet, som har si forretningsadresse på Ågotnes i Fjell kommune, har som formål å eiga og forvalta eiedom på gnr. 27, bnr. 512, samt å forvalta eventuelle andre eigendomar i Fjell kommune. Selskapet sine eigarar har sidan oppstart også vore dei einaste leigetakarane til selskapet og det er difor avtala at selskapet skal drivast på såkalla "ikke fortjenestebasert basis". Drift og forvaltning av selskapet vert utført av CCB AS. Dokument: 05/2543		80%
Interkommunalt arkiv Hordaland	IKS	Sjølvtendig samarbeidsordning mellom kommunane i Hordaland og Statsarkivet i Bergen. Arkivet yter tenester til kommunane som t.d. ordning av eldre arkiv, opplæring, konsulenthjelp,	Selskapsavtalen fastset føremål, plikter og ansvar, styreorgan m.v.	Årleg tilskot frå Fjell

		utarbeiding av arkivplanar og mottak og oppbevaring av konsesjonspliktige personregister m.a. Vedtak: KS 06.05.2002, sak 23/02.		
Stiftinga Kystsogevekene	Stifting	Kystsogevekene er eit samarbeid mellom 20 kystkommunar i Hordaland og Gulen, Hordaland Fylkeskommune og Hordaland Reiseliv. Bak dei ulike tiltaka står ei stor gruppe lokale eldsjeler som er stolte av eigenart og tradisjonar. Hordaland fylkeskommune er Stiftinga Kystsogevekene sin viktigaste økonomiske støttespelar. Dokument: J.nr. 08/813. Arkiv nr. 250.	Årlege arrangement knytt til kystkulturen.	

Prosedyrar for eigarskapsstyring i Fjell kommune.

Kommunen sine krav og forventningar til selskap kommunen har eigarinteresser i:

1. Selskapet skal ha eit medvite tilhøve til samfunnsansvaret sitt.
 - Selskapet bør rapportera etter berekraftige utviklingsprinsipp, det vil seia å integrera økonomisk, miljøomsyn og sosial rapportering
2. Eigarane skal handsamast likt.
 - Selskapet skal gjeva dekkande informasjon i god tid om saker som skal opp til handsaming. Saksdokumenta må vera så utfyllande at eigarane kan ta stilling til alle saker som skal handsamast.
 - I aksjeselskap bør innkalling og saksdokument til generalforsamling sendast minst fire veker før møtet skal haldast.
 - For interkommunale selskap skal innkalling og saksdokument til representantskapsmøte sendast minst fire veker før møtet skal haldast.
3. Selskapet sin opningsbalanse skal vera tilpassa målet med eigarskapet og situasjonen til selskapet.
 - Finansieringa av selskapet må tilpassast typen av verksemd.
 - Selskapet bør ha ein eigenkapital som er tilpassa mål, strategi og risikoprofil.
 - Selskapet bør ha ein strategi på kapitalbinding – oppbygging av stor kapital i selskapet må reknast å ikkje vera ønskjeleg for kommunen.
 - Løns- og insentivordningar må utformast slik at dei fremjar verdiskapinga. Hovudprinsippet bør vera at selskap som kommunen (eller kommunane) eig, følgjer kommunal lønsstrategi.
4. Styret skal i høve til dagleg leiar, ha ein aktiv og uavhengig rolle med tanke på tema som service, kontroll, strategi og ressursituasjon. Styret bør:
 - Tilretteleggja for god dialog på generalforsamlinga mellom eigarar, styret og leiinga.
 - Fastsetja ein årleg plan for arbeidet sitt med særleg vekt på strategi og gjennomføring.

- Utarbeida plan for eige arbeid og eigen kompetanseutvikling og sikra evaluering av eige arbeid.
 - Det må sikrast at nye styremedlemer vert medvitne om ansvar og rolle.
5. Saksførebuing til møte i eigarorgan.
- I alle selskap vert det stilt krav om at saksliste og saksdokument til representantskapet, generalforsamling eller andre eigarorgan i selskap, skal sendast ut min. 30 dagar før møtet. Dokumenta vert sendt til ordførar, valde representantar og rådmann.
6. Administrativ støtte i eigarstyring.
- I interkommunale selskap kan dei aktuelle rådmennene fordela hovudansvar for å følgja opp det einskilde selskap. Rådmannen har også som oppgåve å gå gjennom årsmelding og saksdokument før generalforsamling eller årsmøte. Grunnen til dette er at ein ønskjer å styrka administrasjonen si oppgåve med å kunna hjelpa ordførar og valde representantar i førebuinga til eigarskapsmøte.

Kjørereglar

Arbeidsformer for politisk og administrativ utøving av eigarstyring.

Det kan vera nyttig at eigar fastset nokre kjørereglar for politisk og administrativt arbeid knytt til eigarstyring.

Dei valde representantane si rolle:

- Dei valde representantane skal følgja opp kommunen sine interesser gjennom aktiv deltaking i selskapet sine eigarorgan.
- I styret løyser ein oppgåvene til beste for selskapet si utvikling og i samsvar med eigaren sine krav.
- Der det er meir enn ein representant vald av Fjell kommunestyre, skal det peikast ut ein representant som skal vera "fraksjonsleiar" med særleg ansvar for koordinering i forkant av eigarmøte i selskapet.
- I enkeltsaker som er prinsipielle eller i ei viktig sak for kommunen, kan kommunestyret eller KDF gje styringssignal til eigarrepresentantane.

Politiske avklaringar før møte i selskapet.

Dei valde representantane frå Fjell skal ha høve til å få ei eventuell politisk avklaring før eit møte i selskapet. Det gjeld eigarrelaterte saker generelt, og spesielle saker eller saker som kan bety mykje for kommunen spesielt. Fjell kommune forventar at styremedlemer nyttar denne ordninga aktivt. Kommunen ønskjer å gje signal i forkant framfor å gje kritikk i etterkant.

Slike politiske avklaringar eller signal kan verta gjevne slik det går fram under:

Innmelding av sak	Avklaring	Tilbakemelding
Representanten melder inn ei sak til ordførar seinast 7 dagar før møte i KDF eller formannskap	Ordføraren er ansvarleg for nødvendig avklaring. Ordføraren skal så langt råd er, søkja råd hos partia sine gruppeleiarar, Rådmannen yter hjelp til ordføraren.	Tilbakemelding frå KDF eller formannskap kan gjevast som vedtak eller råd i meldingssak, eller ordinær sak. Det vert gjeve tilbakemeldingsrapport til KDF/formannskapet om utfallet i saka.
Representanten melder inn hastesak til ordføraren.	Ordføraren er ansvarleg for nødvendig avklaring. Ordføraren skal så langt råd er, søkja råd hos partia sine gruppeleiarar, Rådmannen yter hjelp til ordføraren.	Ordføraren gjev svar til representanten. Svaret er kommunen sitt råd/syn på saka.
Representanten melder spørsmål om ei sak til oppklaring.	Sekretariatfunksjonen hos rådmannen – servicetorgsjefen -	Rådmannen gjev svar.

Prosedyre for rådmannen sitt arbeid i høve til kommunale selskap

Rådmannen har plikt til å greia ut og tilretteleggja saker som skal handsamast i kommunestyret, også for det som gjeld eigarskapsforvaltning.

Han er leiar for administrasjonen og må difor leggja til rette for samarbeid og gode kontaktrutinar mellom selskapa og kommuneadministrasjonen.

Kommunestyret forventar at selskap som kommunen eig eller har eigarinteresser i, samarbeider med rådmannen og den kommunale administrasjonen på ein slik måte at kommunestyret sin vilje og ansvar vert fremja på ein profesjonell og effektiv måte.

Rådmannen har rett til å innhenta alle relevante opplysningar som trengst for å tilretteleggja saker for handsaming i kommunen.

Rådmannen har eit sjølvstendig ansvar for å vurdere om kommunen sine selskap er i samsvar med kommunestyre sine vedtak, når det gjeld formål, drift og resultat. Rådmannen kan fremja eventuell sak om endring.

Rådmannen har ikkje noko særskild ansvar for dei formelle sakene som skal handterast etter aksjelova, stiftingslova eller regelverk for drift av pensjonskassar.